

04/6064

Karin Feste  
Erstadvegen 1  
5911 Alversund

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
13. 08. 2014	
Ark. Seria. :	Lab. :
Serier	Tilgangskode

Lindås kommune  
Landbrukskontoret  
V/ Eli Bjørkelid  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

**Søknad om frådelling av Gnr. 61 Bnr. 1 på Skotsund**

I forbindelse med at eg skal ta over bruket på Skotsund ønskjer eg med dette å søka om å få Gnr. 61 Bnr. 1 skilt frå Gnr. 70 Bnr. 4 på Feste.

Grunnen til at eg ønskjer å overta bruket på Skotsund er at eg har eit ønskje om etterkvart å driva garden saman med min sambuar Svein Kvamme, og våre to barn på 15 og 6 år. Slik huset på bruket er i dag går det ikkje an å bu der permanent, men me er allerede i gang med å restaurera, og har no etterisolert vegg og bytta kledning der det var nødvendig. Me ønskjer å gjera mest mulig av restaureringa sjølv, utan å måtta ta opp større lån. Me rekna difor med at det kan ta opp mot to til tre år før det er mulig å flytte inn i huset.

Samtidig som me restaurera huset ønskjer me og å rydda eigendomen for skogen som etterkvart har blitt veldig tett. Og for å holde kulturlandskapet åpent ønskjer me å drive med sau/geit. Me ønskjer og å gjerda inn eit område for å kunna driva med bær og med juletreproduksjon, der vil vi og arrangerer minnerike opplevingar for familier som vil komme å plukke bær eller å hente juletre.

Det er ein tilhørende driftsbygning/flor på eiendomen. Denne er delvis bygd i naturstein som fortsatt er i god stand, men taket og tilbygget som er i tre må restaurererast eller byggjast nytt. Denne ønskjer me å settje i fullgodstand, for å kunne bruka i forbindelse med drifta.

Innmarka blir i dag slått av Morten Skotsund, og det er ønskeleg at han fortsett med det så lenge han ønsker.

Vennlig hilsen  
*Karin Feste*  
Karin Feste